

kronikk og debatt

● Si din mening.
Skriv til: Nationen, postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo.

● Birgit Schmidiger
Tlf: 21 31 00 55
debatt@nationen.no

Etterlyser kreativ konflikt

Den framtidige utfordringa for norsk landbruk ligg i å bygge fora for sunn kreativ konflikt mellom det økologiske- og det konvensjonelle landbruket. Røynsler frå andre land syner oss at fara med samarbeidslina ligg i at det økologiske landbruket taper sin integritet i høve til det konvensjonelle landbruket. Tilsvarande vil ei rein konfliktline også lett resultere i at det økologiske landbruket taper overfor sterke konvensjonelle landbruksinteresser.

Norsk økologisk landbruk har i det siste hatt ein formidabel framgang, særleg har interessa for å leggje om til økologisk drift vore stor i Midt-Noreg. Truleg kan det meste av framgangen i Midt-Noreg forklarast med det vellukka samarbeidet mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket. Resultatet av samarbeidet er lettast å spore om ein ser på foredlingsleddet si haldning til det økologiske landbruket.

kronikk

Norsk økologisk landbruk har hatt ein formidabel framgang. Dette kan forklarast med det vellukka samarbeidet mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket. Likevel ligg det farer i eit altfor tett samarbeid, skriv forskar ved Norsk senter for bygdeforskning,

● *Bjørn Egil Flø*



Denne kronikken må ikkje sjåast som ein kritikk mot samarbeidslina i seg sjølv, men snarare som ei åtvaring om kva farar som kan liggje i eit altfor tett samarbeid mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket, sett frå økologien sin side. For å vise dette vil eg trekke nokre parallellar til andre land, særleg vil eg syne til det danske caset der eg vil påstå at ein har greidd å oppnå det me kan kalle kreativ konflikt i balansen mellom fullt samarbeid og full konflikt.

Danmarks erfaringar

I dag finn ein to økologiske interesseorganisasjonar i Danmark, den eine er Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ) og den andre er Økologisk Landscenter (ØLC). Det mest grunnleggjande skiljet mellom dei to organisasjonane går på målet for eit økologisk landbruk. Spørsmålet er om ein ønskjer å revolusjonere landbruket? Om ein vil reformere det? Eller om ein einast vil utvikle si eiga nisje? I denne debatten finn ein at LØJ står nærast den internasjonale økolandbruksorganisasjonen, IFOAM, der det endelege målet er at alt landbruk skal leggjast om til økologisk på lang sikt. Samstundes som LØJ i større grad har arbeida for at det økologiske landbruket skal vekse på basis av økologien i seg sjølv, og dermed stadig stille strengare og strengare krav til økologien innan det økologiske landbruket.

> *Skal ein kome vidare med det norske økologiske landbruket, må ein etablere fora for kritikk mot det konvensjonelle landbruket*

Det tidlegare Branche KoordineringsUdvalget (BCU), seinare Økologisk Landscenter (ØLC), har ei relativt pragmatisk haldning til veksten innan det økologiske landbruket i Danmark. Deira poeng har vore at det økologiske landbruket skal vekse på marknaden sine premissar, samtidig som dei gjerne ser at regelverket for det økologiske landbruket bør vere stabilt og føreseieleg for produsentane.

Desse to relativt ulike utgangspunkta avspeglar seg også i samarbeidet med dei konvensjonelle organisasjonane i landbruket. Særleg ser me dette i høve til spørsmålet om deltakinga i Landbrugsraadet der både Dansk familielandbrug (det danske Småbrukarlaget) og Landboforeningene (det danske Bondelaget) er representert. Då ØLC vedtok å gå inn i Landbrugsraadet, valde LØJ å stå utanfor. Dette var eigentleg ikkje uventa for dei som har følgt med på den danske debatten. Det økologiske landbruksmiljøet i Danmark har kontinuerleg drøfta forholdet sitt til det konvensjonelle landbruket. I det siste har ein derimot atter pusta nytt liv i denne debatten, og nett no set mange spent og ventar på utfallet av generalforsamlinga i LØJ i mars i år, der spørsmålet om ein fusjon mellom dei to økologiske interesseorganisasjonane står på saklista. Truleg vil utfallet av ein eventuell fusjon av Økologisk Landscenter (ØLC) og LØJ medføre vesentlege endringar i høve til relasjonen til det konvensjonelle landbruket.

Økologisk står sterkt

Det særeigne med det danske økologiske landbruket har vore at forholdet til det konvensjonelle landbruket har vore prega av eit visst samarbeid, samtidig som ein har greidd å halde på det økologiske landbruket sin integritet. Ingen andre land, verken i Europa eller andre delar av verda, kan vise til dei same resultata. Dansk økologi står sterkt både innanfor og utanfor dei konvensjonelle organisasjonane i landbruket. Økologien står også sterkt innanfor det danske landbruks samyrket og dei ulike private foredlings verksemdene i landbruket. Også dei danske detaljistane har teke til seg det økologiske landbruket med opne armar, særleg etter siste halvdel av 90-talet. Politisk er det særleg Det Økologiske Fødevareråd som kan forklare den tydelege gjennomslagskrafta som økologien har fått. Fødevarerådet har vist seg å vere godt i skikka til å koordinere på tvers av marknad, politikk og landbruksorganisasjonar. Til saman gjer dette sitt til at det danske økologiske landbruket kan seiast å ha fått noko som nærast liknar optimale utviklingsmoglegheiter.

I land som Storbritannia og Belgia, begge med lange tradisjonar for økologisk landbruk, vert det økologiske landbruket meir eller mindre openlyst motarbeidd av dei konvensjonelle landbruksorganisasjonane. Dette har ført til at det økologiske landbruket har utvikla seg seint her. I andre land, mellom anna Austerrike, ser ein at økologien vert motteke med opne armar av dei konvensjonelle landbruksorganisasjonane. Noko som i sin tur har medført at tilgangen til offentleg støtte har vorte lettare, men likevel oppstod det problem. Både foredlingsindustrien og detaljistleddet mangla interesse for å utvikle marknaden for økologiske varer. Paradoksalt nok kan ein seie at det økologiske landbruket i Austerrike nærast vart kvalt av det konvensjonelle landbruket. Enno verre var det i Tyskland der ein fyrst no i det siste har freista å bygge ut salskanalane.

Medan det økologiske landbruket i Storbritannia og Belgia har vore møtt med ein så hard konkurranse frå det konvensjonelle landbruket at utviklings\-moglegheita åt det økologiske landbruket har blitt sterkt svekkja, har samarbeidet i Austerrike og Tyskland vore så gjennom\-gåande at det økologiske landbruket har hatt store vanskar med å halde på sin eigen integritet. Dette ligg til grunn for min skepsis til den relativt utbreidde samarbeidslina som det økologiske landbruket fører overfor det konvensjonelle i dag. Samstundes er det grunn til å tru at me aldri hadde vore der me er i dag utan samarbeidet.

LÆRDOM: *Spesielt i Midt-Norge har interessa for økologisk landbruk vore stor. Vi kan ta lærdom av andre land om korleis samarbeidet mellom økologisk og konvensjonelt landbruk bør vere, skriv kronikøren.* *(Arkivfoto)*

Ikkje rein konflikt

I høve til dei andre europeiske landa står Danmark i ein mellomposisjon. Her har det økologiske landbruket greidd å halde på og utvikle sin eigen sjølvstendige identitet samstundes som ein har utvikla samarbeidet med dei konvensjonelle landbruks\-organisasjonane. Den danske historia har vore full av konfliktstoff, trass det har ein til forskjell frå dei andre europeiske landa greidd å balansere på knivsodden mellom konflikt og samarbeid.

Skal ein kome vidare med det norske økologiske landbruket, må ein etablere fora der det økologiske landbruket kan få uttrykt sjølve basisen for sin eigen eksistens, nemleg ein kritikk mot det konvensjonelle landbruket. Samstundes må ein vere varsam med kritikken slik at den ikkje einast vert rein konflikt i staden for idealet som er den kreative konflikta. Samarbeidslina må i grove trekk halde fram, men ein må ikkje vere så fokusert på samarbeidet at ein vert slukt av dei sterke konvensjonelle interessene.